



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon for oppføring av mast og utstyrshytte - Alver - 345/9 - Vikebø

Vi viser til brev frå kommunen datert 05.11.21. Saka gjeld søknad om etablering av basestasjon i forbindelse med Telenor sine planar om utbetring av mobildekning og kapasitet. Det skal oppførast ei 24 meter høg mobilmast, og ei tilhøyrande utstyrshytte på ca. 8 m², på gnr. 345 bnr. 9 Vikebø (stedsnavn Skjenhøyden).

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Meland sin arealdel er avsett som LNFR-område. Det er noko uklart om tiltaket ligg på grensa, eller som del av KP Sikringszone 190_1 Rylandsvassdraget – Verneplan for Rylandsvassdraget.

Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Søklar meiner at tiltaket har ein samfunnsnyttig funksjon ved å gi mobildekning til området. Statsforvaltaren er samd i at mobildekning er samfunnsnyttig. Det må likevel gjerast ei vurdering av kor stor samfunnsnyttien er, vurdert opp mot andre aktuelle verdiar i området og verknaden av tiltaket på desse.

Tiltaket skal plasserast på ein topp i eit viktig friluftsområde (Skinntveitmarka). Tiltaket si plassering vil sannsynlegvis påverke folk si tuoppleving i dette området. Det er då viktig at dette vert tilstrekkeleg vurdert opp mot ev. alternative plasseringar og at det eventuelt vert sett vilkår om avbøtande tiltak. Det kan også vere fornuftig med eit vilkår om fjerning og tilbakeføring av tiltaket om det i framtida kjem ny teknologi, eller at andre tilhøve gjer at tiltaka ikkje lenger er naudsynt.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN